



NORDSIDEN IL

BUDSJETT 2020

Vedtatt av styret 07.03.2020

Lagt fram for Årsmøte 15.03.2020

Introduksjon

Dette dokumentet dannar grunnlaget for styrets forslag til budsjett for Nordsiden IL Askøy i 2020. Budsjettet blir lagt fram på Årsmøtet 15.03.2020.

Sjølvsagt om 2019 endte med negativt Driftsresultat (før finans) på kr 120.000 så er oppfatninga at dette likevel var eit godt år for idrettslaget, økonomisk sett. Bakgrunnen for ei slik påstand er at ein i 2019 måtte bruke kr 473.954 på oppgradering av gjerdenetting på Træet. Dette er vurdert til å vere ein ekstraordinær kostnad som sjeldan vil inntreffe og forutan denne kostnaden ville Idrettslaget gått med kr 354.000 kr i pluss (før ein tek omsyn til finans og avskrivningar*). Samanlikna med budsjett for 2019 endte ein følgjeleg kr 140.000 betre når ein ser på reint driftsresultat, før gjerdenetting, finans og avskrivningar.

Budsjettet for 2020 vil følgje ein del av dei same føresetnadane som 2019, men med følgjande **overordna endringar**;

- Samarbeidsavtalen med Vestsiden er budsjettert til å medføre ei reduksjon i medlemskontingent for Nordsiden.
- Kostnader til Turneringar for lag er redusert og kilometergodtgjersle til trenarar til ungdomslaga er følgjeleg også tatt bort.
- Gøy på Nord! Påverka både inntekter og kostnader i 2019. Prosjektet ein delte med skulemusikken blei ca eit 0-prosjekt for Idrettslaget. Med tanke på innsatsen som blei lagt ned av både styre, medlemmar og frivillige bør aktivitetdagen bli gjennomgått/re-evaluert før ein tek sikte på å arrangere dette på nytt. Det er derfor ikkje tatt høgde for dette i budsjettet for 2020.
- Nordsiden feira også 25 års jubileum i 2019. Dessverre blei dette noko underkommunisert, men kostnadene til Brann-kampen og tryllekunstnar på Gøy på Nord! blei allokert på «utsida» av Gøy på Nord!-prosjektet og følgjeleg sett på som jubileumskostnader. Dette er då kostnader som alle fell bort i 2020.
- Klubbhuset er venta å stå ferdig i 2.kvartal 2020. Dette vil medføre auka driftskostnader for Idrettslaget og ein har i budsjettet for 2020 tatt med eit foreløpig estimat på dette. Utover dette er det også tatt høgde for at ein skal leige ut klubbhuslokala då folk allereie har starta med å sende inn førespurnadar dette. Ein har derfor budsjettert med både inntekter og kostnader relatert til klubbhuset.
- Oppgradering av gjerdenettingen i 2019 var ein ekstraordinær sak og vil følgjeleg ikkje blitt gjentatt i budsjettet for 2020.

I budsjettet for 2020 legg ein derfor til grunn ein omsetning på kr 933.000, totale driftskostnader før finans på kr 853.000 som gjev eit Driftsresultat på kr 80.000. Når ein trekk frå budsjetterte finanskostnader på kr 50.000 ender ein på eit Driftsresultat etter finans på kr 30.000. Når ein også tek hensyn til Avskrivningar og innkalkulering av mottatte tilskudd (som dekkjer avskrivning av klubbhus) så vil ein ende på eit budsjettert Resultat på negativt kr 423.000.

Styret ynskjer samtidig også på dette Årsmøtet, på lik linje med fjoråret, å gjere alle medlemmer merksame på at det vil vere bortimot umogeleg å utarbeide realistiske budsjett som gjev positivt Resultat dei neste åra då beløpet til avskrivning er sopass høgt. Noverande styre anser «**Driftsresultat etter finans**» som den beste målbare parameteren for den økonomiske drifta til klubben. Årsaka til dette er gjort greie for på Årsmøte i februar 2019**.

Reine investeringar knytta til klubbhuset er ikkje hensyntatt i budsjettet då dette ikkje er del av den ordinære drifta til klubben. Alle utbetalingar til entreprenør er, og vil bli behandla som ein investering og blir følgjeleg balanseført. Eit estimat på likviditetsprognose relatert til klubbhus er vist på side 11.

*Avskrivningar er ein teknisk redusert verdi av baneanlegga våre som **ikkje medfører utbetalingar**, og er ein kostnad vi ikkje har høve til å påvirke.

**Årsaka til store avskrivningar er investeringar gjort på Træet (bana) og på Fauskanger (bane). I Resultatregnskap t.o.m 2017 har ein tatt med store inntekter/tilskott mottatt til desse 2 prosjekta med ein gong pengane kom på konto («Resultat på 2 millionar i pluss») Resultatet av å ta inntekter tidleg, eller ved mottak av pengane, er at ein får mindre inntekter seinare til å dekke dei kalkulererte verditapa i form av avskrivningar. Dette må vi derfor «slite» med no dei neste åra.





01 BUDSJETT 2020



Nordsiden IL – Budsjett 2019

Tal i heile 1000

| | Heile året | |
|------------------------------------|--------------|---------------|
| | Faktisk 2019 | Budsjett 2020 |
| Kontingenter | 219 | 160 |
| Sponsorer | 171 | 171 |
| Kiosk | 21 | 21 |
| Tilskudd | 419 | 331 |
| Annet | 365 | 180 |
| Leigeinntekter Klubbhus | - | 70 |
| Sum Inntekter | 1 195 | 933 |
| Turneringer | 375 | 320 |
| Utstyr | 82 | 85 |
| Kiosk kost | 14 | 14 |
| Andre godtgjørelser | 44 | 20 |
| Andre direkte kostnader | 101 | 22 |
| Sum direkte kostnader | 617 | 461 |
| Margin før driftskostnader | 579 | 472 |
| Driftskostnader | 169 | 140 |
| Bygg og vedlikehold | 529 | 112 |
| Drift klubbhus | - | 140 |
| Sum Driftskostnader | 698 | 392 |
| Totale kostnader | 1 315 | 853 |
| Driftsresultat | -120 | 80 |
| Driftsresultat i % | -10,0 % | 8,6 % |
| Netto Finans | 40 | -50 |
| Driftsresultat etter Finans | -80 | 30 |
| Avskrivning | 457 | 620 |
| Tilskudd Klubbhus | - | 167 |
| Totalt Resultat | -537 | -423 |

Inntekter

- Ettersom fleire ungdomsspelarar blir overført til Vestsiden ventast det at **kontingenter** for 2020 blir redusert samanlikna med 2019. **Tilskudd** er også venta å bli redusert då Idrettslaget mottok eit ekstraordinært tilskudd frå Askøy Kommune i 2019. **Annet** er budsjettert lågare då 2019 inkluderte Gøy på Nord! Dette er då følgeleg ikkje budsjettert for 2020 (Blei ca 0 prosjekt i 2019).
- **Leigeinntekter Klubbhus** er ein ny post i 2020 og er estimerte inntekter basert på enkle prismodellar og belegg.

Direkte kostnader

- Kostnader knytta til deltaking på **Turneringar** (cup, kost/losji, kurs, gymsal, dommarar etc.) ventar vi blir redusert samanlikna med 2019 då det er påmeldt færre lag på grunn av bortfall av ungdomsavdelinga. Største posten her er relatert til at klubben dekkjer kost og losji og får dette refundert av deltakarane (Inntekter **Annet**)
- Posten for **utstyr** (som og inneheld klede og påtrykk av klede) budsjetterer vi til å vere på same nivå som 2019 – Dette sjølv med færre lag, men det ventast at ein har høgare kostnader pr. lag samanlikna med 2019.
- **Andre godtgjørelser** bestod i 2019 av refusjon av kilomtergodtgjersle til ungdomslagstrenarane. For 2020 er ikkje dette budsjettert då Vestsiden har overtatt ungdomslaga. Det er samtidig lagt inn ein post som dekkjer 50% av kilomtergodtgjersle til A-lags trenar for samarbeidslaget med Apollo.
- **Andre direkte** kostnader er kostnader som naturleg ikkje høyrer heime i nokre av postane ovanfor, men er likevel ein del av «direkte kostnader». I 2019 er kostnadene til Gøy på Nord! Inkludert her og er derav høgare enn 2020. For 2020 er dette relatert til leige av container som ein ventar blir kjøpt ut i løpet av andre halvår.

Driftskostnader

- Dette er ein samlepost for kjente **driftskostnader** som straum, forsikring, rekneskapsføring, datasystem, sosiale tiltak for medlemmene etc. Vi ventar at posten i utgangspunktet er på same nivå i 2020 som 2019. Sistnemnde inneheld kostnader relatert til klubben sitt 25 års jubileum (som ikkje var ein direkte del av Gøy på Nord!)
- **Bygg og vedlikehold** er kostnader vi har i tilknytning til idrettsanlegga våre. I 2019 blei det brukt TNOK 473 for utbetring av gjerdenetting rundt bana på Træet og i 2020 budsjetteres det med ein vesentleg reduksjon. TNOK 112 kan i utgangspunktet vere noko høgt, men ein foreslår å legge inn ein pott som også kan brukast for etterarbeid når klubbhuset står ferdig.
- **Drift Klubbhus** er ein ny post for 2020 og er estimerte driftskostnader for klubbhuset (Forsikring, straum, reinhald, kommunale avgifter osv.)
- Netto finans ventast å vere vesentleg lågare enn 2019. i 2019 hadde vi gode renteinntekter på høgrentekonto (klubbhus midlar), ein del av desse er allereie forbrukt og resten vil forsvinne i løpet av første halvår 2020. 2019 inneheld også ei positiv verdiendring på fondsmidlane, men dette blir ikkje hensyntatt i budsjett for 2020. Rentene er relatert til betaling av renter på lånet i KLP.
- Avskrivningar i 2020 ventast å auke då klubbhuset står ferdig. Avskrivning på klubbhuset får ikkje **resultateffekt** for idrettslaget då ein vil i same stund inntektsføre tidlegare mottatte tilskuddsmidlar som dekkjer det ekstra beløpet ein må avskrive (TNOK 167).





02 DETALJER



Inntekter – detaljer



- Vi ventar at inntektene er noko mindre enn 2019. Dette skuldast færre medlemskontingentar på grunn av samarbeidet med Vestsiden, mindre tilskot frå Askøy Kommune og ikkje budsjettering av Gøy på Nord! («Annet»).
- Askøy Kommune har innskrenka ein del av sine kriterier for utdeling av driftstilskot og ein har her følgjeleg ikkje tatt høgde for at Nodsiden vil motta dette.

| INNTAKSTYPAR | SIKRARE | NOKO USIKKERT | USIKKERT | SUM 2020 | SUM 2019 |
|----------------------------|----------------|------------------|--------------|----------------|------------------|
| Medlemskontingentar | 140 000 | 20 000 | - | 160 000 | 219 075 |
| Sponsorar | 161 000 | 10 000 | - | 171 000 | 171 000 |
| Kiosk | 12 500 | 5 000 | 3 500 | 21 000 | 20 662 |
| Tilskudd | 316 000 | 15 000 | - | 331 000 | 419 135 |
| <i>Norsk Tipping</i> | <i>125 000</i> | <i>15 000</i> | - | <i>140 000</i> | <i>137 086</i> |
| <i>Grasrotandel NIF</i> | <i>125 000</i> | - | - | <i>125 000</i> | <i>125 451</i> |
| <i>Andre tilskudd</i> | <i>66 000</i> | - | - | <i>66 000</i> | <i>156 598</i> |
| Annet | 180 000 | 70 000 | - | 250 000 | 365 469 |
| SUM | 809 500 | 120 000 | 3 500 | 933 000 | 1 195 341 |

- **Tilskudd** er budsjettert med kr 331.000 i 2019. Av dette ser vi på kr 316.000 som relativt sikre inntekter då dette er utdelingar frå Norsk Tipping, Grasrotandel NIF (LAM) og Momskompensasjon.
- Ettersom beløpa vi mottar i form av tilskudd kan variere frå år til år så reknar vi kr 15.000 av tilskota for å vere meir usikre.
- Det er ikkje tatt høgde for mottak av driftstilskot til Idrettslag eller klubbhus. Sistnemnde vil ein arbeide mot å få når klubbhuset er ferdig.
- Oppfølging av fakturerte **medlemskontingentar** krev mykje kapasitet og det er vanskeleg å garantere at ein vil få inn alt ein fakturerer. Vi har dei siste åra fått inn over 90% og vil følgjeleg arbeide for å få det til også i 2020. Det som ikkje blir betalt inn vil ein søke om å få dekkja av Askøy Kommune gjennom ordninga «Sammen for Barnefattigdom».
- **Sponsorar** er på 3 års kontraktar og vi ventar ikkje at nokon seier opp avtalene i 2020 som er siste året i noverande periode. Samtidig er det nokre avtalar som er av eldre sort og enkelte må følgjast tett for å sikre at innbetaling til Idrettslaget blir gjort. Det kom til 3 nye sponsorar i 2019 som blir vidareført. På grunn av bortfall av Klubbutviklar i styret ventar ein i skrivande stund ikkje at det kjem inn nye sponsorar, men dette vil ein jobbe aktivt med fram mot fullføringa av klubbhuset.
- Kiosken var i bruk første halvår 2019 og ein ventar at denne kjem i bruk i slutten på 2 kvartal 2020.

Kostnader – direkte



| Tal i heile 1000 | Helle året | |
|------------------------------------|--------------|---------------|
| | Faktisk 2019 | Budsjett 2020 |
| Kontingenter | 219 | 160 |
| Sponsorer | 171 | 171 |
| Kiosk | 21 | 21 |
| Tilskudd | 419 | 331 |
| Annet | 365 | 180 |
| Leigeinntekter Klubbhus | - | 70 |
| Sum Inntekter | 1 195 | 933 |
| Turneringer | 375 | 320 |
| Utstyr | 82 | 85 |
| Kiosk kost | 14 | 14 |
| Andre godtgjørelser | 44 | 20 |
| Andre direkte kostnader | 101 | 22 |
| Sum direkte kostnader | 617 | 461 |
| Margin før driftskostnader | 579 | 472 |
| Driftskostnader | 169 | 140 |
| Bygg og vedlikehold | 529 | 112 |
| Drift klubbhus | - | 140 |
| Sum Driftskostnader | 698 | 392 |
| Totale kostnader | 1 315 | 853 |
| Driftsresultat | -120 | 80 |
| Driftsresultat / % | -10,0 % | 8,6 % |
| Netto Finans | 40 | -50 |
| Driftsresultat etter Finans | -80 | 30 |
| Avskrivning | 457 | 620 |
| Tilskudd Klubbhus | - | 167 |
| Totalt Resultat | -537 | -423 |



- **Andre godtgjørelser** (honorar til trenarar og for Fitness) ventast å bli mindre i 2019 då ein ikkje lenger refunderer kilometer til ungdomstrenarar. Samtidig er det lagt inn kostnad på 50 % A-lagstrenar for samarbeidslag med Apollo.
- **Innkjøp kiosk** er budsjettert på same kostnadsnivå som 2020.
- Kostnader relatert til kjøp av **utstyr** og klede er budsjettert til å vere på nivå med 2020. Noko høgare kostnader pr. lag er venta sjølv om antal lag er færre samanlikna med 2019.
- I 2019 var det i overkant av kr 100.000 på posten for **Andre direkte kostnader** som i hovudsak relaterte seg til Gøy på Nord!. I tillegg var det her ein kostnadsreversering på kr 60.000 som reduserte posten tilsvarande. For 2020 er det budsjettert med leige av container på Træet og forventning om at ein kjøper ut denne i andre halvår 2020. Det er ikkje budsjettert kostnader utover dette.
- Kostnader knytta til deltaking på **turningar** og dommarhonorar m.m ventar vi blir noko redusert samanlikna med 2019 då det er færre lag i klubben. Samtidig vil ein ha høg deltaking på f.eks Voss Cup som før, og ein antar også at det blir fleire kostnader relatert til dommar på samarbeidande A-lag med Apollo.



Kostnader – Driftskostnader og anlegg




- Fleste driftskostnader er budsjettert på same nivå i 2020 som i 2019 med minimale skilnader.
- Den største skilnaden relatert til 2019 er at kostnader til 25 års jubileum ikkje vil førekome i 2020. Dette var kostnader til Brann-kamp på stadion og trylleshow på Gøy på Nord!

Tal i heile 1000

| | Heile året | |
|------------------------------------|--------------|---------------|
| | Faktisk 2019 | Budsjett 2020 |
| Kontingenter | 219 | 160 |
| Sponsorer | 171 | 171 |
| Kiosk | 21 | 21 |
| Tilskudd | 419 | 331 |
| Annet | 365 | 180 |
| Leigeinntekter Klubbhus | - | 70 |
| Sum Inntekter | 1 195 | 933 |
| Turneringer | 375 | 320 |
| Utstyr | 82 | 85 |
| Kiosk kost | 14 | 14 |
| Andre godtgjørelser | 44 | 20 |
| Andre direkte kostnader | 101 | 22 |
| Sum direkte kostnader | 617 | 461 |
| Margin før driftskostnader | 579 | 472 |
| Driftskostnader | 169 | 125 |
| Bygg og vedlikehold | 529 | 112 |
| Drift Klubbhus | - | 155 |
| Sum Driftskostnader | 698 | 392 |
| Totale kostnader | 1 315 | 853 |
| Driftsresultat | -120 | 80 |
| Driftsresultat i % | -10,0 % | 8,6 % |
| Netto Finans | 40 | -50 |
| Driftsresultat etter Finans | -80 | 30 |
| Avskrivning | 457 | 620 |
| Tilskudd Klubbhus | - | 167 |
| Totalt Resultat | -537 | -423 |

- Kostnader til vedlikehald av baneanlegg er budsjettert til kr 112.000. Her vil det i løpet av første halvår bli oppgradert fleire stolpar på bana på Træet.
- Ein set også av midlar som skal dekke eventuelt etterarbeid i forbindelse med bygginga av klubbhuset
- Ein har tatt høgde for at det vil koste å drifte klubbhuset når dette står ferdig. Her har ein fått innspel på drift av andre klubbhus på Askøy og vi har følgjeleg gjort eit estimat basert på desse innspela. Ein har pr. dags dato ikkje fått konkrete tilbod på forsikring, reinhald osv.






- Saldo på konto satt av til drift av idrettslaget var ved inngangen til 2020 **kr 699.000**.
- Pengebeholdningen er budsjettert til å bli redusert med ca kr 150.000 gjennom året med ugangssaldo på i overkant av ca kr 541.000.
- Årsaka til negang i likviditet skuldast betaling av avdrag på lånet til KLP.
- Driftsresultatet etter Finans er budsjettert til kr 30.000, men kontantstrømmen er negativ på grunn av betaling av nemnde avdrag med kr 180.000.
- 2020 må også sjåast i samanheng med at det er første året ein har samarbeidsavtale med Vestsiden og det er følgjeleg ikkje alle forhold som er nøyaktig avklart. I tillegg har ein også tatt høgde for at det vil kunne påløpe kostnader i etterkant av at klubbhuset er blitt bygd.

- Likviditetsgrafen er basert på månedlege budsjett, men er justert for når ein ventar at faktiske innbetalningar og utbetalningar finn stad.

Likviditet (midlar/tilskot klubbhus)

(2/2)



- Grafen ovanfor viser eit estimat på utvikling av betaling av byggekostnader til Åsebø Bygg.
 - **Perioden januar til mars er faktisk tal medan april og utover er grovestimat.**
 - Av prosjekttilbudet frå entreprenør har ein ca MNOK 1,0 i midlar utover dette.
 - I etterkant av prosjektet vil ein søke om momskompensasjon for byggekostnadene. I perioden 2017-2019 fekk alle søkarar innvilga heile søknadsbeløpet. For Nordsiden sin del vil det i dette prosjektet utgjere ca MNOK 1,5.
- Likviditetsgrafen er basert på månedlege budsjett, men er justert for når ein ventar at faktiske innbetalningar og utbetalningar finn stad.



Risikoområder i budsjettet

| Område | Beskrivelse | Økonomisk innverknad | Sannsynlighet | Aksjon for å minske risiko |
|------------------------------|--|--------------------------------|---------------|---|
| Styre | Budsjett 2020 er lagt fram av nytt styre i Nordsiden IL i motsetning til avtroppande styre. | Lav | Lav | Nytt styre har noko kontinuitet i form av at nokre av styremedlemma har vore med også i 2019. |
| Inntekter (Klubbhus) | Leigeinntekter kan bli mindre enn venta i oppstartsperioden | Middels | Middels | Nokre har allereie starta å booke leige av lokaler. Prøve å legge seg på ein fornuftig pris slik at klubbhuset blir flitting tatt i bruk. Jobbe aktivt med nye sponsorar. |
| Inntekter (medlemskontigent) | Krevjande å få inn alle utfakturerte medlemskontigentar. | Middels (mindre enn 2018/2019) | Middels | Fakturere medlemskontigenter tidligare på året og følge opp kontinuerleg som før. |
| Kostnader (klubbhus) | Nytt klubbhus medfører auka driftskostnader for ein liten klubb. | Høg | Middels | Viktig å sørge for at ein har inntekter som reduserer netto kostnader til drift av klubbhus og sørge for gode avtaler/sponsing frå leverandørar |
| Generell drift | Idrettslaget budsjetterer i 2020 med Driftsresultat etter Finans med kr 30.000 i pluss. Samtidig må ein betale avdrag på lånet til KLP og vil følgjeleg bruke kr 150.000 meir enn ein får inn på konto. | Høg | Middels | Idrettslaget må i løpet av 2020 jobbe for at ein frå og med 2021 klarar å levere positiv kontantstrøm på driften til klubben, inkludert betaling av avdrag. |
| Klubbhus | Tilgjengelege midlar på konto 05.03.20 dekker ikkje avtalt pris med Åsebø, men ein har fått innvilga 3 millionar frå HFK som ein må få søke om å få utbetalt. | Høg | Lav | Be om delutbetaling av 75% av mottatt tilskot i mars/april. |
| Klubbhus | Ein har 1 million i ekstra midlar til å dekke overskriding av budsjett og kjøp av inventar. | Høg | Middels | Vere ekstremt bevisst på denne bufferen og undersøke om siste delbetaling til Åsebø kan utsettes til etter at momskompensasjon (1,5 millionar) er mottatt. |